

Kulturdepartementet

Vår fil: B16-ÅTS025-Høring Herrelaus arv

Vårt Arkiv: 402

Saksbehandler: Åsta Tale Strand

Oslo 18. november 2016

## Høring – Herrelaus arv

Vi viser til invitasjon til å kome med høyringsuttale om forskrift til fordeling av herrelaus arv.

Da Herrelaus arv vart initiert var det ei omfattande høring knytt til val av modell, og FFO gjekk da inn for å bygge opp eit fond etter modell frå den svenske arvsfonden. Vi har registrert at modellen ikkje har fått tilslutning.

Når fondsmodellen ikkje vart valt er vi fornøgd med at prioritert målgruppe for ei tilskottsordning er bl.a. barn og unge med nedsett funksjonsevne. Dessverre er vi ikkje like fornøgd med forslag til forskrift og retningsliner.

Først må vi uttrykke at vi er svært overraska over at Unge Funksjonshemmede ikkje er inkludert i arbeidet med forskrift og retningsliner for denne ordninga i og med at barn og unge med nedsett funksjonsevne er ei sentral målgruppe. Unge Funksjonshemmede er ein paraplyorganisasjon med 35 medlemsorganisasjonar av og med unge med nedsett funksjonsevne. Vi vil gjere departementet oppmerksom på at LNU representerer kun 7 av organisasjonane på funksjonshemmedeområdet.

FFO meiner at Kulturdepartementet som ansvarleg departement må legge føringar slik at organisasjonar som representerer barn og unge med nedsett funksjonsevne blir sikra å bli aktivt tatt med i fordelingsarbeidet.

Vi foreslår derfor eit **tillegg i forskrift § 4 Fordeling**

Forslag til tillegg:

***Organisasjonar som representerer barn og unge med nedsett funksjonsevne skal involverast i fordelingsarbeidet.***

Vi vil vise til «FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne» som Noreg ratifiserte i 2013. Her er samarbeid med funksjonshemmedes organisasjonar tatt opp i kap. 5, artikkel 4. Der blir det understreka at menneske med nedsett funksjonsevne har rett til å bli hørt og påverke resultatet av viktige spørsmål som gjeld dei.

I konvensjonen står det:

*"I arbeidet med å utvikle og gjennomføre lovgivning og politikk som tar sikte på å gjennomføre denne konvensjon, og i andre beslutningsprosesser som gjelder spørsmål knyttet til mennesker med nedsatt funksjonsevne, skal partene aktivt trekke inn og rådføre seg inngående med mennesker med nedsatt funksjonsevne, også barn med nedsatt funksjonsevne, gjennom de organisasjoner som representerer dem."*

[http://www.ffo.no/globalassets/rapporter/bli-kjent-med-fn\\_konvensjonen.pdf](http://www.ffo.no/globalassets/rapporter/bli-kjent-med-fn_konvensjonen.pdf)

I denne sammenhengen meiner vi det er avgjerande at det er representantar for funksjonshemma sine organisasjonar som er på innsida av dei vurderingane som blir gjort.

Vi vil også gi innspel til LNU om endring i retningslinene. Desse vil harmonere med vårt tilleggsforslag til forskrifta.

Forslag til LNU om tillegg er slik:

Pkt 8 – LNUs behandling av søknaden

Forslag til endring/tillegg (i kursiv):

Tildelingsutvalget for ordningen består av 5 personer *der minst én representant rekrutteres fra organisasjoner fra barn og unge med nedsatt funksjonsevne. 4 av disse blir valgt av LNU etter nominasjoner fra organisasjonene. Unge Funksjonshemmede oppnevner i tillegg én representant.* Vedtak fattes av tildelingsutvalget.

FFO viser elles til høringssvar frå Unge Funksjonshemmede.

Beste helsing

**FUNKSJONSHEMMEDES FELLESORGANISASJON**



Lilly Ann Elvestad  
Generalsekretær

